

Eldrerådet. Budsjett 2025

50 000 over 65 år i Bergen, ei svært samansett gruppe. Mange har bra helse og er godt oppegående. Andre slit både med helse og økonomi. Budsjettframlegget rammar i særleg grad desse. Difor vil eldrerådet:

1. Oppretthalda Frisklivssentralen og behalda treningstilbod for eldre
2. Behalda legevaktene og helsestasjonane
3. Greia ut dilemmaet fleire eldre og færre yrkesaktive
4. Mot nedlegging av Etat for vurdering og rehabilitering

I tillegg peikar eldrerådet på:

1. Auke i kommunale avgifter vil vera uheldig for minstepensjonistane
2. Fastlegedekninga. Bergen har dårlegare fastlegedekning enn dei andre storbyane

Budsjettprosessen

1. Innspel frå eldrerådet 22.3. 24 til byrådsleiar og dei 6 byrådene
2. Byrådsleiar m.a. 1) Aldersdiskriminering og 2) tendensen til silotenking i kommunen
3. Helsebyråden 14 forslag, m.a. 1) Nye sjukeheimsplassar, 2) Ernærings situasjonen for eldre. 3) Styrking av fastlegeordninga i Bergen. 4) Samhandlingsreforma, status
4. Eldrerådet saknar tilbakemelding frå byrådet på innspela våre. Me ber om at budsjettprosessen vert endra frå og med budsjettet 2026